

### **Prosjekt Potet- og grønnsakproduksjon på Vestlandet**

er eit treårig utviklingsprosjekt med mål om etablering av stabilt, lokalt rådgjevingstilbod for konvensjonell og økologisk potet- og grønnsakproduksjon i Sogn og Fjordane og Hordaland. Dette som eit ledd i arbeidet for å styrke og utvikle desse produksjonane i regionen. Prosjektpartnarane er Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane, Sogn Jord- og Hagebruksskule, Økoringen Vest og Lærdal Grønt. Lærdal Grønt er prosjekteigar og Økoringen Vest har arbeidsgjevaransvar. Prosjektet starta hausten 2012.



Med atterhald om vidare prosjektfinansiering søkjer vi etter:

### **Rådgjevar/prosjektleder i potet- og grønnsakproduksjon**

Prosjektet er no i sitt 2. år, og vi søkjer etter medarbeidar for dei 2 åra som er att av prosjektet. Det er høve til forlenging og fast tilsetjing for den rette personen. Stillinga er på inntil 70 %. Dersom ønskjeleg, kan den kombinerast med ei 30 % stilling på Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) i Aurland, kor stillinga har vært lokalisert til no. Kontorstad kan diskuteras om ein ikkje ynskjer stilling på SJH.

Vi søkjer medarbeidar med:

- Interesse, relevant utdanning og gode praktiske kunnskapar innan konvensjonell og økologisk potet- og grønnsaksproduksjon
- Initiativrik, evne til sjølvstendig arbeid, evne til å utvikle relasjonar og ha gode samarbeidsevner
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne, og gode IKT-kunnskapar

Arbeidsoppgåver:

- Rådgjeving for bønder med potet- og grønnsakproduksjon
- Arrangere fagmøte, mark dagar, kurs og liknande
- Utviklingsprosjekt med utgangspunkt i behov hjå brukarane og marknaden
- Gjennomføre tiltak i tråd med prosjektplanen i samråd med styringsgruppa

Vi kan tilby:

- Stor grad av fleksibilitet og sjølvstende
- Løn etter avtale. Gode pensjons- og forsikringsordningar.

Søkjarar må disponere bil.

For nærare opplysingar om stillinga kontakt dagleg leiar i Økoringen Vest, Christian Zurbuchen, tlf. 975 21 402, eller rektor Sogn Jord og Hagebruksskule, Bjørg Fritsvold, tlf. 958 48 870.

Søknad med CV, vitnemål, referansar og relevante vedlegg kan sendast til: Sogn Jord og Hagebruksskule v/Kari Bysveen, Skulevegen 24, 5745 Aurland eller [kari.bysveen@sfj.no](mailto:kari.bysveen@sfj.no)

Søknadsfrist: **23. juni 2013**